



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

## Referat

**Styremøte 1-2021 – 10.03.2021**

Sted: Teams (16:30 – 17:45)

### Til stades:

Styret:

Per Dag Hole (PDH)  
Bengt Fasteraune.(BF)  
Kristin Hille Valla (KHV)  
John Olsen (JO)  
Egil Mikkelsen (EM)  
Raymond Sørensen (RS)  
Kristin Prestvold (KP)

Sekretær: Trond Stensby.

## **Sak 01/21 – Orientering om møtet med statssekretær Maren Hersleth Holsen i Klima- og miljødepartementet**

PDH orienterte:

Per Dag, Bengt og Kristin H V hadde møte med statssekretær Maren Hersleth Holsen, 1. mars 2021. Formålet med møtet var å gi politisk ledelse i Klima- og miljødepartementet en orientering om prosjektet «Villreinfangsten som verdensarv» frå start til nå. (Disposition for møtet delt med styret på e-post)

Vi ville utfordre departementet på område vi har fokus på etter rapporten fra ICOMOS og Riksantikvaren, og forsøke å få departementet i tale om det vidare arbeidet med tentativ liste.

Det vart nokre spørsmål og kommentarar til vår innleiing. Statssekretæren har nok hatt ei rask og bratt lærekurve, men var informert om historikken til vårt prosjekt, og om det samiske prosjektet.

Departementet bestilte synfaringa med ICOMOS i 2019, som ligg til grunn for RA sin rapport til departementet. Departementet gav likevel ingen klåre svar på spørsmål om den vidare oppfølginga av RA sitt råd.

Statssekretæren var positiv, men verka usikker på korleis saka skal behandlast vidare. Departementet er opne for å ta i mot utfyllande faglege innspel, men då gjennom direktorata. Mangelen på openheit i prosessen er uvant. Gjer det vanskeleg å spisse/målrette bodskapen når ein ikkje kjenner innhaldet i RA si tilråding.



## VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

# Sak 02/21 – Strategi for det vidare arbeidet med «Villreinfangsten som verdensarv»

## Bakgrunn

Møtet med statssekretæren/Klima- og miljøverndepartementet, sjå sak 1.

## Drøftingar

### PDH

Kva kan vi gjøre for å styrke vår posisjon. Departementet opnar for å komme med ytterlegare faglege utgreiingar, som t.d. etterlyst i ICOMOS-rapporten. Håp om avgjerd før hausten. Viste til møtet med statssekretæren, og drøftingar i AU, der ein gjekk for å arbeide vidare med nye faglege innspel:

- Samanhengen mellom fangstminna og den historiske busettinga i området.
- Avgrensing av området – buffersoner.

Etter drøftingar/innspel i styret, samd i at styret heller må prioritere å påverke det politiske miljøet, og politisk leiing i departementet. Og ikkje bruke meir ressursar på faglege utgreiingar nå.

Også ha fokus på partia som kan danne regjering etter valet – jf t.d. prosessen rundt regjeringsforhandlingar.

AU kan arbeide fram eit forslag til ein konkret strategi som blir lagt fram for styret.

Frist påsken 2021. Blir lagt fram for styret etter påske.

Arbeidsform i koronatider? Vil bruke AU til å førebu saker, kort varsel – korte møter. Styret blir kalla når det er behov for vedtak.

### KHV

Departementet må rydde, og legge fram ei revidert tentativ liste.

### BF

Hadde venta at fleire i det politiske miljøet ville sjå på dette som ei positiv sak, som også kan knytast til Norge sitt særlege ansvar for bevaring av villrein. Aktuelle politiske parti bør ha eit ønske om å sjå det positive her, gir merksemd og høve til markere seg, løfte veljarmassar. Vi har eit prosjekt som er gjennomarbeidd - verkeleg ei moglegheit for å løfte fram saka.

Kan stille eit direkte spørsmål til statsråden. Men det er siste utveg, i fall det ikkje blir bevegelse i saka før sommaren. Spørsmål – utan «å lukke døra» – vekke opp, få ein dørpnar. Sette i ei ramme..

Vil ta opp saka med andre aktuelle personar i det politiske miljøet.

Departementet er usikre på korleis, og kven som skal behandle saka vidare. Kven kan ta kontakt med sentrale personar i embetsverket?



## VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

### KP

Viste til at RA har sagt at dei ikkje vil ha meir dokumentasjon.

Treng derfor ikkje å gå vidare med faglege innspel, men rette innsalget av prosjektet mot politisk nivå.

### EM

Vi driver «skyggeboksing», og er på «ørkenvandring»,

Må legge til grunn at dette nå er ei politisk sak.

Usikker på kva nokre få nye faglege bitar betyr, og at dette vil styre det som eigentleg er ei politisk sak? Lett for departementet å seie at dei vil imot mer informasjon.

Veldig nært opp til valet, mener det må treffes ei avgjerd før valet.

Finn ikkje dei faglege utfordringar som kan bringe prosjektet vidare. Prosjektet må ikke være perfekt for å komme på tentativ liste, men nye utgreiingar kan gjerast etter ei plassering på tentativ liste, for å styrke søknaden til UNESCO.

### JO

Det politiske arbeidet er det mest sentrale. Andre prosjekt har vist at det må til eit politisk påtrykk for å lukkast til slutt.

Nye faglege oppgåver vil ha stort spenn og kompleksitet, og vil vera tidkrevjande. Har førespurd Jostein Bergstøl, som ikkje er avvisande til eit oppdrag i regi av Kulturhistorisk Museum. Men, har ikkje forplikta styret til noko oppdrag så langt.

Ikkje mange andre prosjekt enn vårt, som har hatt eit betre fagleg grunnlag, før dei kom på tentativ liste. Viktig å få fram kva dette vil bety for lokalsamfunnet – Gudbrandsdalen og områda rundt - næring, arbeidsplassar, inntekter, jf. t.d. Vega og Rjukan.

### RS

Einig med Egil i at vi må arbeide for eit politisk gjennomslag. Ikkje negativ til nye faglege utgreiingar, men spørsmålet er om det er nokon vits i noverande fase. Viktigast med avklaring før valet.

Europeiske villreinregionar er etablert, og følgjes opp m.a. gjennom prosjektet «Villreinfjellet som verdiskaper».

### Vedtak

Styret prioriterer å arbeide vidare for eit politisk gjennomslag for å bringe «Villreinfangsten som verdensarv» inn på Norges tentitative liste som kandidat til ein plass UNESCO's liste over verdsarvområder.

AU legger fram eit forslag til ein konkret strategi med tiltak og økonomi, til godkjenning i styret. Frist, påskken 2021.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

## **Sak 03/21 – Faglege prosjekt**

Saka utgår, jf. vedtaket i sak 2.

## **Sak 04/21 – økonomi**

Frå sekretæren, til orientering:

Kr. 172.000,- inneståande pr. 31.12.20. Har etterslep for møter og diverse timearbeid.  
Søkt tilskott frå statsforvaltaren og fylkeskommunen i dei tre fylka, til saman kr 600.000,-

Pr. dato utsikter til kr. 300.000,- til 400.000,-

*Vågå, 10. mars 2021*

*Trond Stensby*

*ref.*